

# Årsmøte Aleksandra Hotell, Loen 22.-23. mars 1996

## INNHALDSLISTE

Dagsorden årsmøte.....	side 2
Ord frå formannen.....	side 3
Årsmelding frå styret.....	side 4
Årsmelding frå Fagleiar Konkurransen.....	side 9
Årsmelding frå MIK-instruktøren.....	side 10
Årsmelding frå Fylkesinstruktør i Jegerprøve.....	side 11
Årsmelding frå Fylkesinstruktør i Hagleskyting.....	side 12
Årsmelding frå Fylkesinstruktør for Ettersøkshund.....	side 13
Årsmelding frå Fylkesinstruktør El. Halsband.....	side 14
Årsmelding frå fylkessekretær.....	side 15
Rekneskap for 1995.....	side 16
Budsjett for 1996.....	side 17
Arbeidsprogram for 1996.....	side 18

Vedlegg:	Sak 7 Fylkessekretær 60% stilling
	Sak 8 Medlemsinfo
	Sak 9 Auke av medlemskontigent
	Rekneskap fylkeslotteri
	Resultatregnskap og status

## DAGSORDEN ÅRSMØTE

Fredag 22. mars kl.	18.00	Innkvartering
	18.30	Opning og fagleg del
	19.30	Open time
	21.00	Middag
Laurdag 23. mars kl.	10.00	Årsmøtesaker
	12.00	Kaffipause
	14.00	Lunsj. Avslutning

NJFF er representert ved jaktkonsulent Sven Stenbrenden.

## DAGSORDEN ÅRSMØTESAKER LAURDAG 23. MARS

Sak 1.	Godkjenning og innkalling av saklister.
Sak 2	Val av møteleiar og sekretær.
Sak 3.	Val av to medl. til å underskrive møteboka.
Sak 4.	Årsmeldingar.
Sak 5.	Rekneskap.
Sak 6.	Arbeidsprogram 1996.
Sak 7.	Fylkessekretær, auka stillingsdel til 60% av full stilling.
Sak 8.	Medlemsinfo.
Sak 9.	Auke av medlemskontigent (info seinare).
Sak 10.	Budsjett 1996
Sak 11.	Innkomne forslag.
Sak 12.	Val.

## NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Sogn og Fjordane Jeger- og Fiskerforbund har i året som er gått, utprøvd ein ny struktur i organisasjonen. Førrige årsmøte gjorde vedtak om det etter innstilling frå styret. Den gamle utvalgsmodellen med heile sytten tillitsvalde vart erstatta med to nye styremedlemer, som òg har spesielt ansvar for fagsaker innanfor vilt og fisk. Dei to varamedlemane til styret har tilsvarande ansvar for fagsaker hund og konkurranse.

Frå å vere ein organisasjon med ein "jungel" av tillitsvalde med til dels uklåre arbeidsoppgåver og funksjonar, til å vere oversiktleg og funksjonell. Som leiar for styret har eg klare meiningar om at den nye strukturen var eit framsteg og rett vedtak som vil vere godt eigna for å nå dei overordna mål i organisasjonen.

Den kompetanseheving som er tilført styret har auka innsatsen for å påverke utviklinga i forvaltning av vilt og fisk, og ikkje minst tilgang til jakt og fiske.

Tilgang til jakt vart eit sentralt tema då planane for framleige av hjortejakt blei lansert av eit firma på Voss. Med erfaring frå framleige av fiskerettar og den prisdrivande effekt dette medfører var det naturleg å markere vår policy med full tyngde i denne saka. Gjennom samarbeid med administrasjonen på Hvalstad som formidla saka vidare til Miljøvern-departementet, og med dei signal vi seinare fekk derifrå så har eg god grunn til å tru at det om kort tid vil bli gjennomført eit forbod som fangar opp dei fleste uønska framleigeforhold. Det er mi oppriktige meining at det er viktig å ivareta dei gamle jakttradisjonane og at det vil tene både jaktretthavar og dei som skal utøve jakt også i framtida.

Medlemsutviklinga har i den seinare tid vist urovekkjande tendensar i vår organisasjon, som i mange andre. Krise er det ikkje, men det er grunn til å ta utviklinga på alvor og gjere dei rette grep for å snu utviklinga på rett veg. Lokalforeiningane har ei viktig rolle i denne samanheng for å aktivisere seg sjølve og dermed gjere seg attraktive både for gamle og nye medlemer.

SFJFF har fått ei kvinne som ny fylkessekretær. I den tida ho har fungert har ho vist både vilje og evne til å gjere ein innsats i forbundet. Kombinasjonen kvinneleg fylkessekretær og ein sterkare satsing på å tilretteleggje for å gjere jakt og fiske aktivitetar tilgjengeleg for kvinner har eg stor tru på er ein god strategi.

I forhold til dei arbeidsoppgåver som var ynskjeleg å gjennomføre er fylkessekretærstillinga slik den er i dag ikkje stor nok, og heller ikkje attraktiv med mindre det blir vist vilje til å nå fram til 1/1 stilling i nær framtid. Etter mitt syn bør det i eit tidsperspektiv på to år vere 1/1 stilling. Denne utvidinga bør foregå gradvis og i takt med økonomiske utviklinga. Her blir ei utfordring både for fylkessekretær og styret.

Eg vil med dette ynskje alle tillitsvalde lukke til i det vidare organisasjonsarbeidet.

Audun Sande  
-leiar-

## SFJFF - ÅRSMELDING FOR 1995 FRÅ STYRET:

Styret har i 1995 vore samansett slik:

* Audun Sande	Formann
* Magnar Hjelle	Nestformann
Arve Myklebust	Ungdomsleiar
* Terje Espe	Kasserar
Gunnstein Husdal	Sekretær
Odd Inge Hagen	Fagleiar Vilt
Arvid Pedersen	Fagleiar Fisk
Odd Reksnes	Fagleiar Konkurransse 1. vara
Kari Mette Helle	Fagleiar Hund 2. vara

### Oppfølging av arbeidsprogrammet:

#### STATUS - GJENNOMFØRING AV ARBEIDSPROGRAM FOR 1995

\* Formannskonferanse.

Kommentar: Gjennomført 8.-9. des. med 21 deltakarar. Foredragshaldarar: Jaktkonsulent NJFF Sven Stenbrenden, Miljøvernleiar i Stryn Odd Rønningen, Fagleiar Vilt Odd Inge Hagen og fylkesskretær Reidun S. Seim

\* Fylkessekr. full stilling

Kommentar: NJFF gjev tilskot til fylkessekretærstilling på opptil 50% av lønn og sosiale kostnader, med eit maksimumsbeløp på 50.000,- pr. fylkeslag. Fylkeslaget vil foreslå å auke stillinga frå 40% til 60% på årsmøtet i mars 1996.

\* Kriseforing av hjort.

Kommentar: Fylkesleiaren har uttalt seg i fylkesradioen om vårt syn på saka. Det skal takast kontakt med andre FL for felles framstøyt. Det arbeidast vidare med denne saka.

\* Fiskekultivering.

Kommentar: Fylkesleiaren har vore i Friluftsmagasinet 1 gong om laksen sin tilbakegang. Fagleiar Fisk skal kontakte NINA og få ein rapport om kva som er årsaka til tilbakegangen. Fylkeslaget har elles oppfordra til å kontakte gr. eigar interesser for samarbeid. I 1996 skal det vere eit MIK-kurs som går på planlegging av vilt og fisketiltak.

\* Effektivisere bruk av midlar frå vilt- og fiskefondet.

Kommentar: Leiaren og nestleiareren har hatt møte med fylkesmannen 14. juni og diskutert saka. På møtet fekk ein klarsignal om at FL skulle få delta i prosessen fram for tildeling av vilt- og fiskefondsmidlar. Ventar på svar på utsendt skriv til FM om dette.

\* Styrke samarbeidet med Fylkesmannen.

Kommentar: Fagleiar vilt arbeidar med eit prosjekt ved kartlegging av rypebestandar og registrering av hjortens trekkveggar mellom vinter- og sommarbiotop. Fagl. vilt har fått igang eit samarbeid med FM si miljøvernaving, der NINA-NIKU, viltforvaltninga i Nordfjordkommunane, hjortevalda i desse kommunane og lokallag av JFF vil stå som samarbeidsartnere. Prosjektet er "Merking av hjort i Nordfjord" og Fylkesmannen har løyvd kr. 80.000 til prosjektet. Det er òg snakk om eit samarbeid ved prosjektet å reetablere ein villreinstamme i Lærdal / Årdal villreinområde.

Fagleiar Fisk arbeidar med konkrete prosjekt der ein ynskjer å registrere kobbebestanden langs fjordane og langs kysten og den skaden han gjer på laksen og andre fiskeslag. Har etablert kontakt med FM, fiskerisjefen i Sogn og Fjordane og Havforskningsinstituttet i Bergen for fagleg samarbeid og økonomisk bistand.

Sjå forrige; møte med FM om å effektivisere bruk av midlar frå Vilt- og Fiskefondet.

På det same møtet vart det òg diskutert om å samarbeide om å tilretteleggje for rørslehemma m.o.t. laksefiske, påkøyrsløse av hjort, utsetjing av rådyr i Sunnfjord og ein diskuterte laksefiske i elvane.

Det har vore gjort eit møte mellom Fiskeforvaltaren og Fagleiar Fisk.

Arbeidar med eit samarbeidsforum mellom offentlege instansar -oppsyn jakt/fiske.

\* Kalkingsplan. Oppfølging.

Kommentar: Styret tar sikte på ei oppfølging i 1996.

\* Fangst- og Pelsingskurs.

Kommentar: Gjennomført 21. og 22. april på Skei.

\* Framleige, oppfølging

Kommentar: Fylkesleiaren har vore aktivt ute i media om denne saka der ein går sterkt imot oppkjøp av gode vald til eksklusiv utleige. Har skreve til konkur. tilsynet og hatt kontakt med Søylen og NRK om saka. Han har òg hatt innslag i Friluftsmagasinet, radio, aviser, Vestlandsrevy, dagsrevy og TV2 om denne saka.

Saka om framleige ligg hjå DN og ein har endå ikkje høyrte ifrå dei.

\* Stanse bruk av el. hjelpemiddel i jakta.

Kommentar: Avventar forbundet si meining.

\* Forbod mot djupvassdorging i fjordane.

Kommentar: Denne saka er under arbeid.

\* Fiskeklass(ar) for personar med fysisk handikap.

Kommentar: Sekretær har sendt søknad om midlar til fylkesmannen og kanalisert dei lokallag som har best prosjekt. Form. i Lærdal JFL, Odd Inge Hagen arbeidar med saka.

\* Forvaltning av vilt- og fiskeressursar.

Kommentar: Det har vore ei høyring om utsetjing av rådyr i Sunnfjord der SFJFF v/ Fagl. vilt og sekretær, var positiv til utsetjing. Det har òg vore innslag i radio ved leiaren i FL om denne saka.

SFJFF arrangerte MIK-kurs med vekt på viltstell og hjorteforvaltning 17.-19. nov, der MIK-instr. var hovudansvarleg. Det arbeidast frå hans side eit nytt MIK-kurs som går ut på planlegging av vilt og fisketiltak og org.utvikling.

\* Ungdomskurs.

Kommentar: Ungdomsleiaren i FL arrangerte ungdomsleiarkurs på Vassenden og stod for barne - og ungdomssamling i samanheng med MIK-kurs 17.-19. nov. Ungdomskurset på Vassenden var i samarbeid med 4H og var vellykka med 6 deltakarar.

Ungdomsleiaren hadde òg planlagt eit ungdomsleiar kurs til, men dette vart avlyst då det var berre to påmelde. Ein fylkesleir vart òg avlyst då det var ingen påmelde.

Planlagt villmarksleir for ungdom i samarbeid med Sogndal JFL.

### **Styremøte:**

Styret har halde 9 styremøte handsama 84 saker.

**Medlemsutviklinga:****Namn på laget:****Medlemmer 1.1.95****Medlemmer 1.1.96**

Askvoll og Holmedal JFF	53	57
Aurland JFL	212	194
Balestrand JFF	5	23
Brekke JFL	3	3
Bryggja og Omegn JFF	13	14
Eid JF	170	162
Fjaler JSFL	19	21
Flora JFF	139	121
Førde JFL	196	188
Gaular JFL	60	58
Gloppen JFL	119	121
Gulen JSFL	42	39
Hyen JFF	50	46
Hyllestad JFL	38	45
Høyanger JFL	170	171
Jølster JSFL	40	37
Leikanger JFL	77	83
Luster JFL	143	142
Lærdal JFL	104	106
Naustdal JFL	31	28
Selje JFF	12	8
Sogndal JSFL	170	161
Solund JFL	7	5
Stryn og Hornindal JSFL	52	50
Svelgen JFF	37	34
Sørgulen JFL	15	14
Vik SFL	79	74
Vågsøy JSFL	44	40
Årdal JFF	453	471
<b>Sum aktive/passive medlemmer</b>	<b>2551</b>	<b>2516</b>

I tillegg er det pr. 01.01.96 71 direkte medlemmer til NJFF.  
Medlemstalet viser ein tilbakegang på 2,3%.

**Fylkessekretær:**

Reidun Solberg Seim har arbeidd som fylkessekretær sidan 1. aug. 95 i 40% stilling.

**Informasjon frå styret:**

Styret sende ut sakliste og referat frå styremøte til lokallaga.

**Media:**

Leiaren har vore med på følgjande innslag:

- \* 16.03: Framleige av hjortejakt; Radio, aviser, Vestlandsrevy, dagsrevy og TV2
- \* 04.04: Utsetjing av rådyr i Sunnfjord; Radio
- \* 24.07: Kriseforing av hjort; Fylkesradio
- \* 16.08: Storviltprøva - nye krav; Innringsprogram i radio
- \* 08.09: Friluftsveka 10.-17. sept.; Radio
- \* 23.09: Framleige av jaktrett; Friluftsmagasinet
- \* 30.09: Laksen sin tilbakegang; Friluftsmagasinet
- \* 02.12: Kvinner og jakt; Friluftsmagasinet

**Representasjon:**

Leiaren i SFJFF har representert fylkeslaget ved følgjande arrangement:

- \* 24.04 : Paneldebatt angående framleige av jaktrett i Jølster
- \* 14.06 : Diskusjonsmøte mellom SFJFF og Miljøvernadv. hjå Fylkesmannen
- \* 17.-19.11: Mik-kurs i Førde
- \* 24.-26.11: Fylkesformannskonferanse i Kristiansand
- \* 08.-09.12: Formannskonferanse i Førde

**Fylkeslotteri 1995.**

Fylkessekretæren hadde ansvaret for lotteriet og det vart gjennomført haust/vinter med trekning 15. des. Det vart seld nær 74% av 10.000 lodd. Lokallaga fekk samla inntekter på kr. 26.028,- og fylkeslaget fekk eit overskot på kr. 27.985,05.



## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR I KONKURRANSE

### JEGERTRAP

Aktiviteten rundt om på jegertrapstemnene har vore stort sett den same som siste åra. Denne sporten slit framleis med rekruttering, slik at det er stort sett dei same skyttarane som går att år etter år. Her må kvar einskild klubb gjera noko sjølve for å få ungdomen til skytebanene.

“Sogn og Fjordane Cup” i jegertrap hadde god deltaking der klubbane Luster, Årdal, Leikanger, Sogndal, Høyanger, Askvoll/Holmedal, Førde og Gloppen deltok. Finalen gjekk i Førde med fine premiar og vandrepokal frå SFJFF. Vinnar i seniorklassen vart Nils Gjelsvik frå Askvoll/Holmedal og i juniorklassen vart Ole Chr. Bringebøen frå Luster vinnar. Kurt Langeteig frå Leikanger vart Vestlandsmeister i Samnanger og Gunnar Leksnes frå Askvoll/Holmedal vart nr. 3. Leikanger Jakt og Fiskedal vart Vestlandsmeistrar i lagskyting med Askvoll/Holmedal på andre plass.

Leikanger Jakt og Fiskelag stod som arrangør av Fylkesmeisterskapen:

- |                    |                  |
|--------------------|------------------|
| 1. Oddbjørn Mullen | Førde            |
| 2. Gunnar Leksnes  | Askvoll/Holmedal |
| 3. Frode Husum     | Leikanger        |

### ELG OG JAKTFELTSKYTING

Førde stod som arrangør av FM i elg og jaktfeltskyting:

Elg:

- |                     |       |      |
|---------------------|-------|------|
| 1. Per Ove Gangdal  | Eid   | 99p. |
| 2. Tommy Johansen   | Førde | 95p. |
| 3. Magnus Nytingnes | Eid   | 95p. |

14 deltakarar

Jaktfelt:

- |                    |          |       |
|--------------------|----------|-------|
| 1. Tommy Johansen  | Førde    | 187p. |
| 2. Oddvar Birkelid | Naustdal | 170p. |
| 3. Hjalmar Joleik  | Florø    | 169p. |

16 deltakarar

Også elg og jaktfeltskyttarane slit med å rekruttera nye skyttarar. Det har ikkje vore nokon utvikling her heller og talet på skyttarar har vore stort sett det same som siste åra, helst litt mindre.

Klubbane som driv denne sporten må sjølve prøva å finna på nye ting for å trekkja dei unge til banene sine.

Med helsing  
Odd Reksnes  
-Fagleiar Konkurransen-

## **ÅRSMELDING FRÅ MIK-INSTRUKTØREN 1995**

Hovudoppgåva til MIK-instruktøren i 1995 var gjennomføringa av mik-kurset med vekt på viltstell og hjorteforvaltning 17.-19. nov. på Sunnfjord Hotell i samarbeid med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Det vart arrangert ungdomssamling på same tidspunktet. Totalt var det påmeldt 162 personar med store og små.

Tilbakemeldingane har vore svært positive. SFJFF ligg langt framme når ein har fått til dette samarbeidet med FM, kommunane, grunneigarorganisasjonane og egne lokallag.

MIK-instruktøren vil rette ei stor takk til dei same partane fordi dei ser verdien av fagleg oppdatering og ikkje minst kontaktane som vert knytt under den sosiale delen av arrangementet.

Samarbeidet med Fylkesmannen fungerte godt heile tida.

FM og NJFF støtta arrangementet økonomisk slik at kostnadene per deltakar vart gunstige.

Under samlinga kom det fram klare signal på at det rådde ei uvisse i høve til organiseringa av miljøansvaret i kommunane etter haustens kommuneval. Dette kjem av at organiseringa av vilt- og fiskesaker varierer frå kommune til kommune.

### **Arbeidsprogram og budsjett for 1996:**

Helga 16.-17. nov. 1996 arrangerer SFJFF MIK-kurs med hovudvekt på planlegging av vilt- og fisketiltak og organisasjonsutvikling på Sunnfjord Hotell i Førde. Det er òg tenkt som ei markering av at NJFF er 125 år i 1996.

Dette MIK-kurset vert arrangert etter same lesten som i 1995.

Det betyr at vi inviterer kommunane, grunneigarorg. og våre lokallag. På denne måten får vi samla dei aktørane som er naturlege samarbeidspartnarar.

Målet er at deltakaren frå same kommune får samarbeide på kurset. Invitasjonen går til alle dei som deltok i 1995.

Økonomiske konsekvensar:

Mik-instruktøren ynskjer ein stønadssum på kr. 12.500,- på budsjettet for 1996. Det er pr. dato ikkje søkt om andre eksterne midlar då skulering i MIK-samanheng offisielt er over. På bakgrunn av den nye organiseringa av miljøarbeid rundt om kommunane meiner eg at behovet for samarbeidskurs er større enn nokon gong.

Eg kjem òg til å søkje om kursmidlar frå Studieforbundet Natur og Miljø og støtte til foredrag når programmet er endeleg. Skulle det vere sjanse for meir midlar utanfrå, vil eg òg søkje om det.

Det er tinga plass til 100 deltakarar. Dei betalar heile opphaldet sjølv.

Med helsing  
Bjarne Huseklepp  
-MIK-instr.-

## **ÅRSMELDING FOR JEGERPRØVE-INSTRUKTØREN 1995**

Eg overtok som jegerprøveinstruktør i 1995. Frå og med 1996 må alle tidlegare godkjende jegerprøveinstruktørar gjennomføre fase 3-kurs. Ingen kan praktisere som instruktør utan denne oppdateringa i samband med at den obligatoriske delen i jegerprøva er no utvida til 16 t. Fangst er komme med som nytt tema.

Kurset vart gjennomført den 10 des. på Sunnfjord Hotell med 26 deltakarar. Sven Stenbrenden frå NJFF deltok som med-instruktør. Det viser seg ved nyårsskifte at det ikkje er godkjende jegerprøveinstruktørar i fleire av kommunane i Sogn og Fjordane. Det er sendt ut brev til alle lokallaga om kurs for nye instruktørar på Sande Kro og Motell 16.-17. mars 1996.

### **Arbeidsprogram og budsjett for 1996:**

Helga 16.-17- mars vert det arrangert kurs for nye jegerprøveinstruktørar på Sande Kro og Motell. Laurdag vert det òg ny sjanse for dei som ikkje gjennomførte fase 3-kurset den 10. des 1995.

Det er ei utfordring for lokallaga å syte for at det stiller kandidatar frå dei områda som i dag ikkje har instruktørar.

Økonomiske konsekvensar:

Jegerprøve-instruktøren ynskjer ein stønadssum på kr. 5.000,- på budsjettet for 1996. Dette er pengar som vert overført frå NJFF.

Med helsing  
Bjarne Huseklepp  
-Jegerpr. instr.-

## ÅRSMELDING FRA FYLKESINSTRUKTØREN I HAGLESKYTING

Det ble avholdt dommersamling på Skei Hotell 11. mars 1995. Der møtte 19 jegertrap-dommere. Det var registrert 54 jegertrap-dommere, av disse var 34 aktuelle og 19 av dem møtte. Resten ble innkalt til et nytt møte på Førde Jakt og Fiskelag si leirduebane, der møtte det 3 til.

På Skei ble det laget et forslag til avvikling av stevner. Er noen interessert kan de få dette ved henvendelse til fylkesinstruktøren.

Det er avholdt 3 dommerkurs (jegertrap) og utdannet 20 nye dommere. Det skulle ha vært kurs på Nordfjordeid og Gulen, men dette har vi ikke fått til å passe enda. Jeg har også vært på haglskytterkurs i Florø etter anmodning fra laget der. Ca. 10 deltakere var med. Jeg har også vært med å arrangere skytekurs for kvinner med påfølgende jakt-dag på Sognefjellet. 8 deltakere.

Jeg er nå under utdanning som hagleskyter-instruktør, har vært på 2 kurs med Rune Flodmann. (Han har også laget filmen: "Bedre Hagleskudd" og ei bok med samme tittel som anbefales). Det gjenstår 1 kurs som er fastsatt til siste helga i februar 1996.

Fylkeslaget har gått til innkjøp av målegevær for hagle.

Meningen med denne utdannelsen er at når jeg er ferdig utdannet, skal jeg holde kurs for lokallagene og sørge for å få utdannet ei instruktør i hvert lokallag. Fylkeslaget har fått kr.10.000 i stønad fra NJFF til dette.

Med hilsen

Per Gunnestad

-Fylkesinstr. i hagleskyting-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR FOR ETTERSØKSHUND

Det har også i år vert ein del arbeid for fylkesinstruktøren.

Studiering i Gaular fase 1. ettersøk av skada vilt over 4 kveldar.

7/8.04 Fase 2 kurs på Sande, 15 deltakarar frå Sogndal, Gaular, Førde, Naustdal, Selje, Brekke, Leirvik, Sørbøvåg og Fjærland.

20.04 Danning av ettersøksring i Eikefjorden.

20.05 Dommarkurs på Sande, 6 deltakarar frå Sogndal, Selje, Sørbøvåg, Gaular, Fjaler og Balestrand.

01.07 Viltsporprøve i Fjærland, 7 ekvipasjar. 6 godkjende. Arrangør SFJFF.  
(Overskot kr. 557,-)

23.08 Kurs i Gaular utredning av påskåtplasser.

07.10 Kurs i Førde utredning av påskåtplasser.

Eg har vert dommar på fersksporprøve terminfesta i Askvoll og Jølster. Viltsporprøve terminfesta i Gaular og Fjaler. 2 godkjenningssprøver viltspor i Gaular og 2 fersksporprøve. Var òg dommar på Nesttun og då hadde eg med ein aspirant frå Sørbøvåg som bestod aspirantprøven på viltspor.

Hadde òg med dommaraspirantar på terminfesta viltsporprøve frå Sogndal og Gaular som bestod aspirantarbeide.

Har hatt ein del sporlegging og trening med hund.

### Arbeidsprogram for 1996

Det blir lagt opp til fase 3 kurs ettersøk av skada vilt med kurs i Sogn, Nordfjord og Sunnfjord. Dette er i regi av Sogn og Fjordane JFF.

Fase 2 kurs kan òg bli arrangert vis det er interesse for det.

Alle som skal delta på fase 3 kurs må ha avlagt fase 2.

Ta kontakt med dykkar lag når det gjeld kurs for ettersøkshund.

Førde og Omland Sporhundgruppe arrangerer terminfesta viltsporprøve i Fjaler den 06.07 og Høyanger 03.08. Fersksporprøve i Førde 10-15.08.96.

Den 7. november 1995 sende eg søknad til Fylkesmannen v/Viltkonsulent Mjelstad om tilskot på kr. 25.000,- til fase 3 kurs.

Utredning av påskåtplass som er lagt inn i fase 3 kurs er ein viktig ting som eg meiner alle som driv med ettersøk bør ha.

### Godkjende ettersøkshundar i Sogn og Fjordane per 31.01.1996

Godkjende ettersøkshund.....220 stk.

Godkjende eige vald..... 21 stk.

Sum..... 241 stk.

Med helsing  
Alf Bruland  
-Fylkesinstruktør for Ettersøkshund-

## **ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR EL. HALSBAND**

Det har vore holdt eit brukarkurs el. halsband i 1995. Det var i Vik i mai. Dei som deltok på kurset var godkjende brukarar av el. halsband.

Det er brukbar dekning av brukarar, men i ytre Sogn og ytre Nordfjord er det for få. Av dei som er godkjende brukarar, har vi fått rapportar frå Førde, Askvoll, Vik, Sogndal, Naustdal og Luster JFL. Sogndal og Luster JFL har hatt flest hundar til "behandling".

Fylkesinstr. har vore observatør i Vik, Sogndal og Luster. Det har gått roleg og fint alle stader. El. halsband har vore utlånt til Sogndal JSFL i 1995.

Fylkesinstr. håpar han får holde fleire brukarkurs i 1996. Det er berre å melde på.

Med helsing  
Bjørn Monsen  
-Fylkesinstruktør el. halsband-

Årsmelding frå fagleiar Hund og Fylkesinstruktør Rifle er ikkje komne inn.

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆREN

Eg overtok som ny fylkesskretær 1. aug 1995 etter Gunnar Kjørvik. Startfasen gjekk med til å setje seg inn i arbeidet som sekretær.

Har vore i møte med FRIFO og eit møte i Førde med prosjektgruppa for innlandsfiskeprosjektet.

Har vert med å arrangere hagleskytekurs for kvinner i Luster med 8 deltakarar.

Har vert ansvarleg for fylkeslotteriet 1995, noko som gjekk nokolunde bra. Var 74% selde lodd. Til saman fekk lokallaga inntekter på 26.028,- og fylkeslaget eit overskot på 27.875,-. Var ikkje heilt fornøgd med innsatsen til alle. Nokon gjorde det svært dårleg, andre veldig bra.

Har byrja å utarbeide strategi for kvinnesatsing i SFJFF. Haldt eit kort foredrag om dette på formannskonferansen i Førde 8-9 des. Vil prøve å arbeide for å få oppretta kvinnekontaktar i lokallaga eller at ein person i foreininga kan ta seg av dette.

Har byrja arbeide med 125-års markeringa som skal vere her i Sogn og Fjordane. Jubileet vert lagt i Lærdal i samanheng med opninga av NorskVillakssenter.

Har delteke på styremøta i SFJFF og hatt nokre førebuingar til møta. Elles har arbeidet bestått av kontorarbeid.

### **Prioriterte arbeidsoppgåver for fylkesskretæren:**

- \* Få eit regionalt samarbeid mellom lokallaga og betre samarbeid LF-FL-NJFF.
  - Blant anna få oversikt over alle aktivitetane til lokallaga.
  - FL koordinator for samarbeidet
  - Få ut informasjon til medlemmane
- \* Styrke samarbeid mellom lag, fylkesforbund og Norges Jeger- og Fiskerforbund.
- \* Dersom det vert vedtatt: Få utarbeidd medlemsblad til SFJFF som skal kome ut 1 gang i året. Dette for å gje medlemmane betre info om kva som skjer. Marknadsføre organisasjonen betre.
- \* 125-års jubileet til NJFF.
- \* Planlegging av jakt og fiskedagane 1997.
- \* Fylkeslotteri 1996 .
- \* Aktivisere lokalforeiningar med liten aktivitet.
- \* Koordinator for kurs- og studieaktivitetar i fylkeslaget.

- \* Planlegge og koordinere jakt og fiske relaterte aktiviteter for kvinner.
- \* Medlemsverving.
- \* Utvikle mediakontakt og skrive pressemelding.
- \* Oversikt over aktuelle midlar og tidsfristar og a ansvar å søkje på desse.
- \* Tilretteleggje for samarbeid med Fylkeskommunen, Fylkesmannen og grunneigarorg.

Med helsing  
Reidun Solberg Seim  
-fylkessekretær-

### REKNESKAP FOR 1995:

	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>
NJFF variabel kontigent	35235,00	
NJFF fast tilskot	38330,00	
NJFF ekstra kontigent	61875,00	
NJFF tilskot terminliste føring	2000,00	
Prosjektmidlar v/ sekretær	8000,00	
NJFF tilskot til MIK	42000,00	
Kursavgift MIK	10310,00	
Tilskot frå Fylkesmannen, fase 2	10000,00	
Lotteri	41354,10	
NJFF tilskot hagleinstruktør	10000,00	
Renter	10101,00	
Fondsmidlar frå 1994, MIK	60000,00	
Styremøter		14447,50
Årsmøte		16823,15
Reiseutgifter og bilgodtgjersle v/ S.		19762,20
Porto og telf v/ styret		7015,00
Kjøp av telefax		7907,40
Andre utgifter v/ styret		23362,29
Formannskonferanse		7212,50
Vestenfjelske Jakt- og Fiskedagar		654,00
Lønn fylkessekretær		26623,00
PC til fylkessekretær		19090,00
Andre utgifter v/ sekretær		27508,65
MIK instruktør		94158,35
Hagleinstruktør		19355,04
Ettersøksinstruktør		12110,00
Jegerprøve instruktør		5346,00
<u>Overskot 1995</u>		<u>27830,02</u>
	<u>329 205,10</u>	<u>329 205,10</u>

Terje Espe







